



Så mange var det på diskotek i Helgheim 17. oktober i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedal Ungdomslag har hatt årsmøte og vald Morten Stensletten Eik til ny formann etter Svein Arild Kjærland.**

Magni Traavik og Rigmor Rasmussen er framleis styremedlemmer og Lovise Sunde kasserar. Rigmor Rasmussen er ansvarleg for utleige av Helgheim og husastyret har desse medlemmene: Håvard Eik, Ole Vidar Monsen, Bjørgulf Eik og Svein Arild Kjærland (leiar).

Også i 2008 arbeidde laget med oppussing av Helgheim. Festsalen var av denne grunn stengd i heile februar og mars. Ellers har huset vore brukt til konfirmasjon, bryllup og bursdagsfeiringar.

Laget har hatt barnediskotek for 4. til 7. klasse og Kari Anne og Tone for 1.-3. klasse, tilsaman åtte diskotekkveldar.

- Vi har eit samarbeid med Rosendal Lyd og Lys som har køyrd musikken, Vi har hatt ein del foreldre som har hjelpt oss, men kunne tenkt oss fleire – særleg på det største partiet, står det i årsmeldinga.

Det har vore bingo nesten kvar onsdag.


- Karen er fantastisk, er attesten i årsmeldinga.

Laget gjorde ein innsats under museumsdagen på Rød med servering av graut, vaflar, sjokoladecake og kaffi.

Grunna lite folk i laget og oppussing, har dei ikkje klart å få til pensjonistfest, 17.mai-fest, julatrefest eller basar.

- Vi håpar å få til litt meir i år, står det i årsmeldinga, som også varslar innsats for å få til ei teater- og revygruppe i laget no i 2009.

Av Ola Matti Mathisen



Morten Stensletten Eik er ny formann i ungdomslaget. (Foto: Ola Matti Mathisen)